



Helland Eiendom & Invest AS  
Idrettsvegen 3  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/2016 - 19/15460

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
18.11.2019

## Seksjonerings sak Gbnr 77/90 Solheim vestre - søknad om seksjonering - vedtak

Delegasjonssak nr.: 281/2019

Saka gjeld søknad om seksjonering av 4-mannsbustad på gnr. 77 bnr. 90, Solheim vestre.

Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 11.04.2019 i sak 071/2019.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Hylla bustadområde - Austmarka/planid. 1260201800500 er definert som område for bustader – konsentrert småhusbustadar.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med vedtekter som stetter krava, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles.

### Vedtaket:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av 4-mannsbustad på gnr. 77 bnr. 90. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjonar § 9.

### Klage:

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen*

*skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Silje Haukedal  
konst. leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER